

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FA-G19, TI-&23	19/214

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2021	Eldrerådet	PS	15.11.2021
006/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021
105/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021
058/2021	Kommunestyret	PS	02.12.2021

## Handlingsplan Leve heile livet 2022 - 2024 Masfjorden kommune

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Framlegg til Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024

Notat til styringsgruppa (Formannskapet) juni 2021 Leve heile livet - Masfjorden

#### Dato

09.11.2021

09.11.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden komune vert vedteken slik den ligg føre.**

Planen skal evaluerast årleg i planperioden.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Regjeringa si kvalitetsreform «Leve hele livet» har som mål at den aldrande delen av befolkninga skal få fleire gode gode leveår, ha god helse lenger og i større grad meistre eige liv. Reforma byggjer på stortingsmelding nr. 15 (2017-2018), og handlar om grunnleggjande faktorar som er sentrale i livet til eldre. Område som har fokus er samfunnsutvikling, kosthald, aktivitet, fellesskap, helsehjelp og sammenheng i tenestene.

Kommunane er oppmoda om å skissere lokale tiltak som kan bidra til å nå måla i reforma. Kommunar som tilpassar seg reforma vert prioritert for offentlege støtteordningar.

### Vurdering

Kommunestyret gjorde i sak 090/2020 slikt vedtak: Det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal fylje opp reforma «Leve heile livet». Arbeidsgruppa sitt mandat er å vurdere korleis reforma kan

tilpassast behova i Masfjorden kommune, og peika på tiltak som er sentrale i innføringa av reforma.

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit grunnlagsdokument som har vore retningsgjevande for arbeidet med handlingsplanen. Handlingsplanen skisserer tiltak med ansvar og planlagt oppstart.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at «Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden komune» vert vedteken slik den ligg føre.

### **Eldrerådet - 018/2021**

#### **ER - behandling:**

Oddvin gjekk gjennom handlingsplan og tiltak.

Saka vart drøfta.

Innspel frå Ivar: Masfjordingen bør brukast meir aktivt til å informere om viktige ting. Den når ut til alle, også dei som ikkje les heimesida.

Eldrerådet støttar rådmannen si tilråding.

Eldrerådet meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **ER - vedtak:**

Eldrerådet støttar rådmannen si tilråding.

Eldrerådet meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

### **Formannskapet - 105/2021**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta, og samrøystes tilrådd overfor Kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre.**

**Planen skal evaluerast årleg i planperioden.**